



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 27.04.2023

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Hotel Ullensvang, Lofthus

Til stades:

Eidfjord kommune:

Ordfører Anders Vatle

Kvam herad:

Ordfører Torgeir Næss

Ullensvang kommune:

Ordfører Roald Aga Haug -rådsordfører

Ulvik herad:

Varaordfører Jens Olav Holven

Rådmannsforum:

Rådmann Ole-Jørgen Jondahl

Styret i Hardangerrådet:

Styreleiar Solfrid Horne-Moe

Administrasjonen:

Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Gjest:

Fylkesordfører Jon Askeland

Agenda:

09.00 - 11.00 Dialogmøte med fylkesordfører Jon Askeland

11.00 - 12.00 Orientering frå Siderklynga/ Hardanger Siderproducentlag
v/ leiar Anna Gursli Langesæter

12.00 - 13.00 Lunsj

13.00 - 15.00 Sakshandsaming

Orienteringar:

Sentrale tema i dialogen med fylkesordfører Jon Askeland:

- Folketalnedgang i Hardanger - korleis kan vi snu denne trenden?
- Utfordringar med lange avstandar og dårleg infrastruktur.
- Kraft: Nye effektkraftverk er på gang, så me er fortsatt relevante.
- Næringsliv i utvikling utan at me ser det att i folketalsvekst.
- Kan fylkeskommunen plassera ut folk i distrikta, så me også vert sett?
- Vår største utfordring er smale og rasfarlege vegar. Veiarbeid og rassikring er noko som MÅ prioriterast. At vegane er så dårlege har ein avvisningseffekt.
- Prioriteringsdokumenta til ny NTP er skuffande - alle vedtek å ta tak i rassikring, men dette ser ein ikkje i NTP. Rassikring er ikkje fokus, det er nesten fråverande.
- Staten burde overføra meir til fylkeskommunane og fylkesvegane.
- Det skal byggjast stort effektkraftverk i Mauranger
 - Lokalt får me ingen effekt av dette.
 - Slik regelverket er idag er dei som tener mest dei som skattar minst til lokale kommunar – dette fører til at effektkraftverk ikkje gjev inntekter lokalt. Så desse reglane må endrast.
 - Inntektsutjevningutvalget har sagt at dei skal berre ta 10% frå kraftkommune - kva vil dei ha i neste omgang?
 - Dette må avklarast: I framtida må me avklara korleis regelverket skal vera for vertskommunane - slik at vertskommunane også tener på utbyggingar og tap av natur. Det kommunen krev er t.d. å få noko kraft tilbake og /eller betre vegar.
- Me forventar at fylkeskommunen har trygge vegar som topprioritet.
- Viktig å prioritera i samband med NTP.

Orientering frå Siderklynga/HardangerSiderprodusentlag v/ leiar Anna Gursli Langesæter

- Om Siderklynga og viktige fokusområder.
- Alkoholreklameforbod vs kommunikasjonsforbod. Påverknad for reiselivssatsing.
- Gardsutsal, sider frå Hardanger og fokus på lik praksis i alle kommunar.

Presentasjon er vedlagt møteboka.

Saker til handsaming:

HR-sak 09/23 Meldingar
Ingen meldingar utsendt.

HR-sak 10/23 Arbeidsplan for Hardangerrådet 2023-2024

- **Gjennomgang**
- **Prioriteringar**

Regionrådet vart orientert om styret i Hardangerrådet sitt ønskje om eit felles arbeidsmøte for å revitalisera Arbeidsplan 2023-2024 som eit aktivt verktøy for arbeidsoppgåvene i Hardangerrådet, både politisk og administrativt. Administrasjonen får i oppgåve å planleggja eit slikt felles arbeidsmøte etter sommarferien.

Konkret bestilling frå regionrådet:

Postmottak i rådsordførar sin kommune oversender fortløpande til Hardangerrådet info om alle høyringar som vert mottekne i kommunen.

HR-sak 11/23 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet

- Orientering frå HMM Helsehjelp til Ukraina
 - Haukeland sjukehus vil koma til regionrådet sitt møte 8. juni og orientera om resultat av hjelpesendingar knytt opp til bidraga frå Hardangerkommunane
- Sak i herads/kommunestyra om løyving til Prosjekt fjernarbeid.
 - MRK Felles saksutgreiing. Rådmannsforum handterer dette.
- Deltaking på NTP Høyringsmøte 9. mai på Stord
 - Ordførarane + dagleg leiar deltek her.
- Fjordtinget i Øystese 23. mai
 - Minner om påmelding til arrangementet.
- Kulturminnefondet og riksantikvaren til Hardangerrådet
 - Hardangerrådet har motteke ønskje frå Kulturminnefondet og Riksantikvaren om å koma til Hardangerrådet sitt møte 28. sept.

Møteboka godkjent 27.04.2023

Roald Aga Haug
Rådsordførar